

RAUMA KOMMUNE
SAKSPAPIR I DELEGASJONSSAK

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Fullmaktsvedtak planutvalg	03.01.2013	332/12	BRG

Saksansvarlig Brit Grønmyr	Arkiv: K2-K01 Objekt:	Arkivsaknr 12/2144
--------------------------------------	--	------------------------------

SØKNAD OM BRUK AV HELIKOPTER I SAMBAND MED VILLREINTELJING 2013 - OTTADALEN VILLREINUTVALG

Vedlegg:

Søknad frå Ottadalen Villreinutvalg v/Knut Granum

Saksutredning:

Villreinutvalget i Ottadalsområdet har i brev av 19.12.12 søkt samtlege kommunar med verna areal i Reinheimen, Breheimen og Geiranger/Herdal om løyve til lågtflyging med helikopter eller fly og bruk av snøscooter generelt i verneområda i samband med villreinteljing. Villreinutvalget søker også om løyve til å bruke fly i samband med kalveteljinger i området. Søknaden om bruk av snøscooter gjeld villreinutvalgets personell og det er lite truleg at denne køyringa er tenkt utført i Rauma kommune.

Villreinutvalget står for forvaltninga av villreinstammen i området. Det blir opplyst at teljingane vil skje i samarbeid med Statens Naturoppsyn (SNO) og NINA vil utføre kalveteljinger på oppdrag for Villreinutvalget.

I Reinheimen Nasjonalpark (NP) er flyging lågare enn 300 m over bakken forbode, men forvaltningsmyndigheita kan etter søknad gi løyve i samband med dyreteljingar. I Romsdalen Landskapsvernområde (LVO) er flyging lågare enn 300m over bakken tillate.

Vurdering

Alle saker som berører naturmangfoldet skal vurderast etter §§ 8-12 i Naturmangfoldlova, jfr § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) når det gjeld det omsøkte tiltaket blir rekna som tilstrekkeleg til at ein ikkje treng å ta i bruk **føre-var-prinsippet (§9)**. Verksemda har foregått over fleire år utan at negative verknadar på natur og miljø er kjent. Søkjarorganisasjonen og dei andre nemnde organisasjonane som skal delta på teljinganende blir dessutan antatt å ha tilstrekkeleg kunnskap til å kunne ta dei nødvendige omsyna om situasjonar skulle oppstå.

Etter § 10 "**Økosystemtilnærming og samlet belastning**" skal ei beslutning vurderast i lys av fleire påverknadar seinare, og om eit løyve kan skape presedens, og på denne måten bidra til ei gradvis forringing av området. Dette er ikkje ein type tiltak som skaper presedens da krava til å kunne gi løyve er konkrete og talet på aktørar som fell innanfor svært avgrensa.

NML § 11 seier at "**kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver**". Det blir antatt at dette avgrensar seg til forbigående støyproblematikk.

I § 12 i NML står dette om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder: “For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som gir de beste samfunnsmessige resultater”. Desse teljingane blir rekna som ein nødvendig del av forvaltinga, og det blir sett på som positivt at det er stor grad av samkøyring mellom dei ulike aktørane i villreinforvaltinga, noko som reduserer den samla belastinga.

Dette er av typen søknadar som kjem under kategorien fast og årleg, og ein kunne slik for enkelheits skuld ha gjeve fleirårig løyve til formålet. Men i og med at eit nasjonalparkstyre snart trår i kraft og vedtak da kan gjerast samla for heile området overlet ein dette til neste års behandling av søknaden.

Søknaden ligg ellest innanfor det verneforskrifta og forvaltningsplanen opnar for, og ut frå vurderingane over finn ein å kunne gi løyve som omsøkt

VEDTAK:

Med heimel i § 3 - 6.3.e i forskrift om vern av Reinheimen nasjonalpark får Villreinutvalget for Ottadalsområdet løyve til å foreta nødvendig flyging lågare enn 300 m over bakken i samband med dyreteljingar i 2013 på vilkår om at det foregår i samarbeid med institusjonane som beskrive i søknaden.

Rett utskrift bekreftes

«Sbr_Navn»

«Sbr_Tittel»

Direkte tlf. «Sbr_Tlf»